



OSTERØY IDROTTSLAG

Omframtmøte vart halde på Osterøy Ungdomsskule 15/2 82 kl. 19.00.

Sak: Draktfargar.

Frammøte: ca 45 vaksne medlemmer og mange born.

Formannen opplyste først at på styremøte i Osterøy Sparebank 10/2 82 vart det gjort vedtak om å yta kr. 10.000,00 til innkjøp av representasjonsdrakter.

Ein gjekk så over til å diskutera draktfargane i laget, og det viste seg å vera mange ulike meiningar til og med kva fargar laget har no. Det vart viist til vedtak på årsmøte 2/12 1973 om å kjøpa blå overtrekksdrakter med raud krage og raude bokstaver i namnet. Kjetil Hatland kunne opplysa at styret i fotballgruppa hadde handsama saka og der var det semje om å behalda dei grønne og gule fargane.

Johs. Loftås kom med forslag om utsetjing av saka då nemda ikkje hadde fungert som ho skulle. Fleire andre var samde i utsetjingsforslaget og ved røysting var det 38 røyster for utsetjing.

Til å arbeida vidare med saka, undersøkja kva kostnad og konsekvensar eit eventuelt fargeskifte vil ha for dei ulike grupper vart desse vald:

Agnar Hjellvik (kallar inn til møte) Jörgen Varden, Öyvind Litland
Johs. Loftås.

Resultatet av deiras arbeid må foreleggjast for hovedstyret og deretter må saka opp på årsmøte eller omframtmøte slik at endeleg avgjerd i denne saka kan verta teke.

Monrad Myking skriver